



Frå det første Hjertefred-arrangementet i 2010

I 2010 vart Hjertefred arrangert for første gong. Den gongen var arrangementet ved Grano her i Uskedalen. Sidan har Hjertefred vorte arrangert kvart år på Husnes med vakre kveldstunder der ein har minnst sine kjære som har gått bort. Søndag er det klart for Hjertefred 2016 ved den nye fine paviljongen ved Opsangervatnet på Husnes.



[Initiativstakrar til Hjertefred i Kvinnherad.](#)

Arrangementet vil føregå frå kl.18 og omlag ein time utover. Det er lagt opp til eit vakkert program med både opplesing, dikt og mykje song og musikk. Føremålet med arrangementet er å gjera det lettare å snakka om døden og det vonde, hylla dei gode minnene etter dei vi har mista, bearbeida sorga, samt feira kjærleiken og livsgleda, og ta betre vare på oss sjølv og kvarandre, skriv arrangøren i omtalen av arrangementet.

Desse bidrar i programmet: Renate Koløy, Lina Håland, Eva Megyesi, Atle Fredheim, Hilde Lande Eikeland, Viktoria Håvik Pedersen, Ingebjørg Røssland, Per Lande, Kjerstin Jansson, Renate Haugs og Tobjørn Storegjerde.

Dei oppfordrar alle til å kle seg godt slik at ein held kroppen varm, og så skal dei gjennom programmet bidra til at dei frammøtte vert varme i hjarta.

Dette vert nok ein varm og god stund sjølv om vinterkulden er i anmarsj.

De kan lesa om det første Hjertefred-arrangementet i Kvinnherad [her](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen